

Høyringsuttale - Kommunedelplan skule 2010-2020, rullering 2012-2013

Planutkastet legg, så vidt vi kan sjå, opp til ei handsaming av verbaldelen i høyringsutkastet frå 2009 (s.3-s.49) i tillegg til nye vurderingar på struktur og bygg.

I starten av prosessen med rullering av kommunedelplan skule blei det sagt at ”*Rulleringa vert i hovudsak avgrensa til vurdering av tema omkring struktur, krinsinndeling og trong for rehabilitering, utbygging og nybygg av skular.*”

I 2010 vart ikkje verbaldelen i utkastet til kommunedelplan skule handsama i kommunestyret, og vi forstår det slik at politikarane no ønskjer å ”rydda opp” i dette (Jf det arbeidsgruppa skriv)

Arbeidsgruppa legg til grunn at mål for opplæringa og kvalitative skildringar ved opplæringa, jf. Kommunedelplan skule 2010-2020 s.3 – s.49 vert vedteke i samband med denne rulleringa.

Slik det er no, ser det altså ut til at rammene for rulleringa er endra undervegs i prosessen sidan starten hausten 2012.

I planutkastet vert det vist til dokumentet Kommunedelplan skule 2010-2020 med merknadar om ”inga endring” eller ulike tilføyningar utan at den opphevelege teksten ligg som ein del av høyringsutkastet. Dette meiner vi blir feil, og at verbaldelen i plandokumentet frå 2009 skulle ha vore sendt ut saman med resten av høyringsutkastet for å vera ein del av høyringa.

Til plandokumentet frå 2009:

Utdanningsforbundet Lindås meiner det er viktig å ha med seg det som står i mål for kommunedelplanen at ”*planen ikkje er tufta på økonomiske innsparingar*” og at ein vil ”*halda fokus på kvalitet.*”

Dette må vera fundamentet i den vidare handsaminga.

- På s.33 står det noko om kontorarbeidsplassar. Her meiner vi det er viktig å presisera at dei tilsette gjennom sine organisasjonar må vera med når det gjeld utforming og lokalisering av arbeidsplassane.

Vi vil òg vise til det vi skreiv i høyringsuttalen vår i 2009 om storleiken på skular:

Når det gjeld pedagogiske omsyn og innhald og kvalitet i skulen, syner planutkastet at her kan ein ikkje konkludere med at noko er betre eller dårlegare enn noko anna.

”Det er lite forskingsmateriale som kan gje signal om kva storleik på skulen har å seia for den enkelte elev/skulesamfunnet når ein ser bort frå kostnadene med små skular”

Det er altså andre element enn storleiken som er med og lagar ein god skule. Storleiken på skulen er ikkje avgjerande for om elevane lærer eller ikkje. Vi meiner derimot at god lærartettleik er viktig

for at elevane skal få den hjelp og rettleiing dei har trong for.

Når det gjeld den faglege breidda i skulen, seier planen fleire stader: ”*Det vil vere ein fagleg fordel for dei tilsette om det pedagogiske miljøet vert noko større.*” Utdanningsforbundet har ikkje noko imot eit stort fagleg miljø, men i barneskulen er det òg mange andre moment som er viktige. At vi har ulike skular og ulike måtar å jobbe på, betyr ikkje at det er dårlegare kvalitet på ein skule enn ein annan.

Kvalitetssikring.

Utdanningsforbundet Lindås stiller spørsmål ved nokre av opplysningane i plandokumentet.

Vi har t.d. fått innspel på tal pedagogisk tilsette som ikkje stemmer med korleis fakta er, og lurar på korleis desse tala er komme fram. Ved Kløvheim og Knarvik b. har vi fått opplysningar om andre tal enn dei som står i plandokumentet. Desse tala tyder på at arbeidsgruppa, for desse to skulane samla, opererer med 3 personar for mykje innafor pedagogisk personale (inkl. rektor/inspektør).

Vi ser òg at statusrapport frå 2009 (Tilstand skulebygg - samla oversyn i 2009 og 2012) står som uendra for t.d. Myking skule, jamvel om utbetringar er gjort. Dette fører, så vidt vi kan forstå, til at det blir ein kostnad på utbetring som ikkje er reell.

Slike ting gjer at vi blir usikre på om det er fleire tal og fakta i plandokumentet som ikkje stemmer, Feil opplysningar her vil føra til feil i vurderingane av framtida for skulane i Lindås. Vi lurar på om rektorane ved dei einskilde skulane har fått kvalitetssikra opplysningane før dei er sett opp i plandokumentet. **Vi bed difor om at opplysningane vert kvalitetssikra før vidare handsaming.**

Struktur og bygg.

Utdanningsforbundet Lindås ventar å vera med på eit tidleg stadium i planleggingsarbeidet kring utbetring og utbygging som må gjerast i skulane i Lindås. Tillitsvalde både på arbeidsplassnivå og på kommunenivå må inn i prosessen på eit tidleg tidspunkt. Bygg vert alltid betre når ein tek med dei som skal bruka bygget.

Kommentarar til arbeidsgruppa sitt framlegg (Rullering 2012-2013):

Utdanningsforbundet Lindås har hatt ei høyring ute blant våre medlemmer og har fått tilbake innspel både når det gjeld eigen skule og heile strukturen.

For dei fleste skulane er det ikkje så mykje spesielt å seie utover det at det er viktig at dei som brukar skulane er med i alle prosessar som gjeld utbygging og utbetring. Det er viktig at dei tilsette sine tankar om rombehov kjem fram.

Vi viser òg til det vi har sagt i tidlegare skriv om generelt behov for plass både til undervisning og til kontor- og møterom.

Høyringsuttale 15/10 -2009:

”I tillegg til gode og høvelege rom til ulike aktivitetar for elevane er det trong for arbeidsrom og møterom for lærarane. Vi viser til Arbeidstilsynet sitt skriv om kontorarbeidsplassar for lærarane (datert 11/1-05)”

”Tidlegare røynsler frå utbyggingar i kommunen gjer at vi er svært opptekne med korleis det vert lagt til rette for arbeidsrom for lærarane, samtalerom, tilgang på skjerma rom for samtale, og grupperom/spesialrom for elevane.”

”Utbygging må vera framtidsretta og ta høgde for elevtalsauke (ikkje minimumsløysingar)”

Skriv til arbeidsgruppa 5/11 - 2012:

”Det er viktig at det ved utbygging av skular vert teke høgde for auke i elevtalet og at det er rikeleg med plass til dei ulike aktivitetane skulen skal ha føre seg. Det gjeld både undervisningsareal (inkludert grupperom og spesialrom), arbeidsrom og møterom. Elevar og tilsette må sleppa at nybygg er for tronge allereie når dei vert tekne i bruk.”

”Vi meiner det ikkje blir rett å slå fast at store skular er betre enn små eller omvendt.”

Litt om nokre av skulane der forslaga i utkastet vil få innverknad:

Ostereidet ungdomsskule:

Skulen har små klasserom, og auke på tal elevar i klassen vil føra til liten plass (og dårlegare lufttilhøve). No har skulen kontorarbeidsplassar til lærarane, men ved auka elevtal og auka tal tilsette vil det ikkje vera plass til alle. Endring av kringsgrensene vil føra til trong for meir plass, og midlar må setjast av til dette. (Sjå vedlegg frå Utdanningsforbundet Ostereidet ungdomsskule)

Skodvin skule, - forslag om 1-4 skule:

Vi finn det lite tenleg å bryta opp eit pedagogisk fellesskap og laga ein ny struktur ved denne skulen, - ein struktur som blir noko heilt anna enn resten av kommunen. Dette vil bety at dei tilsette ved Skodvin ikkje vil ha andre i kommunen å samarbeida med som har dei same utfordringane og rammene,

Vi meiner òg det er betre for elevar å byte skule ved overgang til ungdomsskulen (da alle skal i nye grupper og nytt miljø) i staden for å ha to skulebyte i løpet av grunnskulen.

Kløyheim skule:

Det er vanskeleg å forstå forslag om å leggja ned ein skule med bra plass ute og inne, - og som også er godkjend etter forskrift om miljøretta helsevern.

Utdanningsforbundet Lindås sin høyringsuttale i 2009:

”Utdanningsforbundet Lindås kan ikkje sjå at utkastet til kommunedelplan peiker på klare og dokumenterte fordelar ved skulenedlegging.”

”Ro og stabile tilhøve rundt skulen i Lindås er eit viktig element for at skulen skal opplevast som ein god arbeidsplass for lærarane og ein god stad for læring for elevane. Stadige trugsmål om nedlegging er ikkje bra for miljøet.”

Utdanningsforbundet Lindås meiner det er viktig at når det no etterkvart blir eit vedtak på heile kommunedelplan skule, så må denne finnast i eitt samla, oppdatert dokument som er tilgjengeleg for alle.

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar

Vedlagt:

- Uttale frå Utdanningsforbundet Ostereidet ungdomsskule